

På turné for Den kulturelle skulesekken i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane fylkeskommune skal gjennom Den kulturelle skulesekken (DKS) formidle profesjonell kunst til elevar i grunnskule og vidaregåande skule i fylket.

DKS er ei nasjonal satsing finansiert gjennom overskot frå Norsk Tipping og bidrag frå kommunar og fylkeskommunar.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ved nærings- og kulturavdelinga administrerer satsinga i Sogn og Fjordane. Kvar kommune har i tillegg si lokale DKS-satsing.

Dette skrivet inneheld generell informasjonen frå nærings- og kulturavdelinga til utøvarar på turné i Sogn og Fjordane.

Turnéplanar

Utøvarane finn til ei kvar tid oppdaterte turnéplanar på www.skulesekken.no

Kontakt med skulane

Kvar skule har ein kulturkontakt som er utøvarane sin kontaktperson. Utøvarane skal ringe skulane på førehand for å sikre seg at besøket vert så bra som mogleg. I tillegg sender nærings- og kulturavdelinga påminning til skulane via e-post, og følgjer opp på telefon om naudsynt.

Reise, diett og overnatting

Nærings- og kulturavdelinga bestiller reise til/frå Sogn og Fjordane, med reisetidspunkt etter avtale med utøvarane.

Nærings- og kulturavdelinga bestiller all overnatting og sender reiserute med oversikt over hotell før turnestart. Om utøvarane ønskjer å endre overnattingsstad undervegs, skal det skje via nærings- og kulturavdelinga v/kontaktpersonen for turneen.

På turné får utøvarane dekkja reise og diett etter statens satsar. Utbetaling skjer i etterkant av turneen. Om utøvar fører noko på hotellrommet må han hugse å gjere opp ved utsjekk.

Sjå elles kontrakten for turneen.

Leigebil

Etter behov tingar nærings- og kulturavdelinga leigebil. Følgjande vilkår gjeld ved bruk av bil leigd av nærings- og kulturavdelinga:

- Utøvarane skal alltid sjekke bilen for skader ved mottak / levering og melde frå til utleigar.
- Leigebilen skal leverast tilbake i same stand som då han vart tatt i bruk.

Ein god ambassadør!

- På turné er utøvarane representantar for Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- Det er forventa at utøvarane opptre som gode rollemodellar.
- Det er viktig å vere imøtekommande og innstilt på å finne gode løysingar.

- Vert bilen levert tilbake til utleigar utanom opningstid t.d. parkert på flyplass, parkert hos utleigar og nøkkel levert i postkasse eller liknande, skal utøvarane om mogleg ta bilete av bilen for å dokumentere kva stand den er i. Bileta skal sendast til nærings- og kulturavdelinga v/kontaktperson for turneen. Dette er for å sikre at nærings- og kulturavdelinga ikkje vert belasta for skader/hæververk som blir gjort på bilen etter at utøvarane har levert han.
- Eventuell privat bruk av leigebil (til utflukter, sightseeing, private besøk og liknande) skal avklarast med nærings- og kulturavdelinga på førehand. Det vert i kvart enkelt tilfelle vurdert om utøvarane sjølve skal betale for slik bruk.
- Ved privat bruk av leigebil må utøvar sjølv dekke eigenandel ved skade.
- Eventuelt tjuveri eller skade på bil/utstyr skal snarast meldast til nærings- og kulturavdelinga. Dersom bilen vert skada, må utøvarane fylle ut skademelding.

Økonomi

Nærings- og kulturavdelinga skriv kontrakt med utgangspunkt i gjeldande rammeavtale for oppdrag i DKS.

Forsikring og skade

Utøvarane må sjølv syte for at utstyr/instrument er forsikra.

Kven svarar på spørsmål?

Fagkoordinator DKS
 Øyvind Høstaker
 Tlf. 952 22 168
 e-post: oyvind.hostaker@sfj.no

Rådgjevar
 Trygve Apalset
 Tlf. 415 30 883
 e-post: trygve.apalset@sfj.no

Produsent
 Øyvind Lyslo
 Tlf. 901 13 433
 e-post: oyvind.lyslo@sfj.no

Rådgjevar
 Guro Høyvik
 Tlf. 415 30 608
 e-post: guro.hoyvik@sfj.no

Konsulent
 Solfrid Bygstad
 Tlf. 415 30 610
 e-post: solfrid.bygstad@sfj.no

God tur på turné i Sogn og Fjordane!

